Skjema for bestilling av vaksinasjonskort på e-post for deg som ikkje har tilgang til Helsenorge.no

Dersom du ikkje har tilgang til vaksinetenesta på Helsenorge.no, kan Folkehelseinstituttet (FHI) sende deg vaksinasjonskort på e-post. Vaksinasjonar er helseopplysningar. Derfor kan vi berre ta imot og sende slike opplysningar kryptert på e-post.

For å bestille vaksinasjonskort på e-post må du **fylle ut bestillingsskjemaet** og **ta ein kopi av passet ditt**.

Du **må kryptere** bestillingsskjemaet og passkopien og sende dei på e-post til: sysvak@fhi.no. Vi tilrår at du bruker krypteringsløysinga 7-zip, som er gratis og sikker. Send passordet for å opne krypteringa på **SMS til mobil: +47 945 27 583**.

Er du føresett for eit barn under 16 år, kan du bestille vaksinasjonskort på vegner av barnet du har omsorga for. Fyll ut skjemaet for barnet, og **legg ved kopi av både passet ditt og passet til barnet**. Har barnet fylt 16 år, er det helserettsleg myndig og må sjølv bestille vaksinasjonskort slik det er skildra ovanfor.

Dersom du har tilgang til vaksinetenesta på Helsenorge.no, men likevel ønskjer å få vaksinasjonskortet tilsendt på e-post, kostar det 125 kroner per kort. Vi sender faktura i etterkant.

Vi sender vaksinasjonskortet kryptert til deg på e-post, vanlegvis innan 7 dagar etter at vi har teke imot bestillinga. Lengste sakshandsamingstid er 30 dagar.

Bestillingsskjema:

Namn på den som ønskjer vaksinasjonskort:
Norsk fødselsnummer/D-nummer (11 siffer):
Epost:
Telefonnummer:
Namn på føresett som bestiller for barn under 16 år:
Fødselsdatoen til den føresette (DD.MM.ÅÅÅÅ):

Stad:	Dato:	Signatur: